



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 27.05.2014

Sak nr.: 14/3443-2

Internt l.nr.: 16964/14

Sak: 25/14

Tittel: **Forvaltningsrevisjon - Tildeling og oppfølging av tilskot - bestilling**

Behandling:

Framlegg til vedtak:

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Tildeling og oppfølging av tilskot» etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling
2. Bestillinga vert gjort med atterhald om at fylkestinget vedtek revidert plan for forvaltningsrevisjon med dette prosjektet som prosjekt nr. 1

Endringsframlegg frå Per Rune Vereide:

Problemstilling nr. 7 i bestillinga vert endra til:

Er det etablert tilstrekkelege rutinar for koordinering og samhandling mellom avdelingane i fylkeskommunen, i tilfelle der det kan vere aktuelt at fleire avdelingar tildeler tilskot til same verksemd eller føremål.

Avrøysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken med endringa av problemstilling nr. 7 i bestillinga.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Tildeling og oppfølging av tilskot» etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling
2. Bestillinga vert gjort med atterhald om at fylkestinget vedtek revidert plan for forvaltningsrevisjon med dette prosjektet som prosjekt nr. 1